



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Vår dato:

04.02.2021

Vår ref:

2021/2111

Dykkar dato:

«REFDATO»

Dykkar ref:

«REF»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Anne Eli Wangen, 5764 3165

## Kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot 2021

**Tilskot til kompetanseheving og innovasjon for å stimulere kommunane til å møte framtidas utfordringar på helse- og omsorgsfeltet med berekraftige og gode tiltak og tenester.**

**Søknadsfrist: 22. mars 2021**

### Kven som kan søkje:

Kommunar og fylkeskommune kan søkje om tilskotsmidlar til kompetansetiltak, opplæring knytt til brukarstyrt personleg assistanse (BPA) og innovasjonsprosjekt.

Kommunar kan gjerne søkje i samarbeid med andre kommunar, helseføretak, næringsliv, frivillig sektor eller andre aktørar.

Høgskular og universitet kan søkje om midlar til etablering av desentraliserte utdanningar, digitale plattformer eller andre utdanningstilbod til personell i kommunar med lang reiseavstand til utdanningsinstitusjon.

### Beløp som skal fordelast i Vestland fylke:

Ikkje avklart enno.

Statsbudsjettreferanse: kapittel 761, post 68, Kompetanse og innovasjon, Helse- og omsorgsdepartementet. Det er løyvd 416,6 millionar kroner i 2021 der 372,4 millionar kroner går til kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot.

### Føremålet med tilskotsordninga

Tilskotet er eit sentralt verkemiddel for gjennomføringa av *Kompetanseløft 2025*. Føremålet med tilskotsordninga er å styrke kommunane sine evner og høve til å utvikle berekraftige og gode helse- og omsorgstenester, og gje tydeleg prioritet til nokre av dei viktigaste framtidsutfordringane kommunane har på helse- og omsorgsfeltet.

### Nytt overordna prioriteringskrav

Kommunar som omstiller seg i tråd med *Leve heile livet- reforma* vil verte prioritert.



Vi syner her til rundskriv [Informasjon til kommunene om kriterier for å bli prioritert i tilskuddsordninger knyttet til Leve hele livet](#) av 09.01.2021.

Dette prioriteringskravet gjeld ikkje tilskot til utdanningsløp som alt er i gang, eller tilskot som er øyremerka til velferdsteknologi.

### **Andre prioriteringar i 2021**

- *Kompetansetiltak (grunn-, vidare- og etterutdanningar)*

Vidareutdanning av sjukepleiarar og andre høgskuleutdanna faggrupper vert prioritert, mellom anna vidareutdanning innan ernæring og palliasjon.

Grunn-, etter- og vidareutdanning av tilsette- og kompetansetiltak om rus og psykisk helse vert også prioritert. Tilskotet omfattar også rettleiingstenester i samband med spesialisering av psykologar i den kommunale helse- og omsorgstenesta.

Tilskot til korte interne opplæringstiltak, kurs, seminar og liknande vert prioritert i mindre grad. Unntak er statlege satsingar som til dømes ABC- opplæringsprogram og liknande.

I tråd med krav i *Forskrift om kvalitet og ledelse* skal leiinga i kommunane mellom anna vurdere behov for kompetanse blant tilsette for å kunne løyse oppgåvane i tenestene. Vi ber kommunane om å sende kompetanseplan i samband med søknad om kompetansetiltak frå tilskotsordninga.

Fylkesmannen vil sjå tildelinga av tilskotsmidlar i samanheng med kommunanes arbeid med langsiktig og heilsakleg planlegging knytt til kapasitet, kompetanse og kvalitet i tenestene for å møte dei demografiske utfordringane i framtida, og at rekruttering og kompetanseplanlegging på helse- og omsorgsområdet er ein sentral del av kommunanes samfunnsplanarbeid.

- *Opplæring til brukarstyrt personleg assistanse (BPA)*

Tilskotet skal bidra til opplæring av arbeidsleiarar, assistenter og saksbehandlarar. Personar som ikkje tidlegare har fått opplæring bør prioriterast. Opplæringsbehov innan BPA må sjåast i samanheng med kommunen sin kompetanseplanlegging. Opplæring knytt til BPA er eit prioritert tiltak.

- *Innovasjonsprosjekt*

Innovasjonsprosjekta skal bidra til innovasjon og utvikling av nye metodar for førebygging og tidleg innsats, eigenmeistring, fritidsaktivitet med assistanse, kulturopplevelingar, mat og måltidsfellesskap, ernæring, legemiddelhandtering, rehabilitering, habilitering og samspel med pårørande og frivillige i omsorgssektoren generelt og i demensomsorga spesielt. Tiltak som har innovasjonsfellesskap med næringsliv og/eller utdannings- og forskingsinstitusjonar skal ha eit fortrinn.

Innovasjons- og kompetansetilskotet vert sett i samanheng med Kommunal- og moderniseringsdepartementets skjønnstilskot, som også kan brukast til kommunal innovasjon og utvikling.

### **Korleis søker**

[Søknadsskjema](#) som skal nyttas av alle som søker om tilskot finn de på nettsida til Statsforvaltaren i Vestland. Der finn de også meir informasjon om ordninga.

Søknaden kan sendast elektronisk til Statsforvaltarens postadresse: [sfvpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvpost@statsforvalteren.no)

### **Regelverk for tilskotsordninga**

[Regelverket](#) for tilskotsordninga finn de på [Statsforvaltarens](#) og [Helsedirektoratets](#) nettside.



## Rapportering på motteke tilskot i 2020

Kommunane skal rapportere til Fylkesmannen innan **22. mars 2021** for midlar som vart tildelt i 2020. [Rapporteringskjema](#) (eit word- og eit excel skjema) og [rettleiing](#) til rapporteringa finn de under tilskotsordninga på Statsforvaltarens nettside.

Frist for rapportering av motteke tilskot for 2021 vil gå fram av tildelingsbrevet.

### *Overføring av ubrukte midlar til 2021*

Hovudregelen er at ubrukte midlar etter søknad kan overførast eitt år, altså frå 2020 til 2021. Som følgje av koronasituasjonen kan Statsforvaltaren, etter søknad, vurdere vidare overføring til 2021 av tilskotsmidlar som alt er overført frå 2019 til bruk i 2020.

### *Revisorkontroll (vilkår for tilskot):*

*Rekneskap skal reviderast av registrert revisor, statsautorisert revisor eller oppdragsansvarleg kommunerevisor (jf. § 11 i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar) i samsvar med Den norske revisorforeninga sin standard ISA 805 "Særlege hensyn ved revisjon av enkeltstående regnskapsoppstillinger og spesifikke elementer, kontoer eller poster i en regnskapsoppstilling".*

Tilskotsmottakar må gje revisor ein kopi av tilskotsbrevet før revisorkontroll. Dersom tildelt tilskot er høgre enn kr 200 000,00 per år, men forbruket er mindre enn kr 200 000,00 per år, kan det leverast revisorstadfesting for to år av gongen.

Kravet om revisorstadfesting gjeld ikkje for samla tilskot mindre enn kr 200 000,00.

Med helsing

Linda Svori  
ass. fylkeslege / seksjonsleiar

Anne Eli Wangen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

**Mottakerliste:**

Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgata 16	5722	DALEKVAM
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Eid fjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Osterøy kommune	Rådhuset	5282	LONEVÅG
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Ullensvang kommune	Opheimsgr. 31	5750	ODDA
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE



Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Kvam herad	Grovagelet 16	5600	NORHEIMSUND
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN